



Hedalm Anebyhus AS  
2344 ILSENG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2450 - 21/54945

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
20.08.2021

## Om klage og behov for oppdatert dokumentasjon - gbnr 195/235 Leiknes

Vi viser til mottatt klage på vedtak datert 10.05.2021 der søknad om oppføring av tilbygg (multirom) til bustad 2 på gbnr 195/235 vart avslått.

Ved gjennomgang av klagen ser vi at situasjonsplanen i saka ikkje er korrekt. Det er etter det vi kan sjå nytta same situasjonsplan ved behandling av søknaden om tilbygg som i saka om oppføring av 5 bustadar på eignedomen gbnr 195/235. Grenselinja mellom bustad 1 og 2 som er vist i denne situasjonsplanen er berre ein illustrasjon.

Ny grunneigedom med påståande bustad 1 vart godkjend frådelt på eit seinare tidspunkt, jf. vedtak datert 08.03.2019. Den nye parsellen har fått gbnr 195/252. Ny grenselinje mellom bustad 1 og 2 vart godkjend plassert 1,5 meter frå veggiv på bustad 1. Kart med korrekt grenselinje følgjer vedlagt.

Som følgje av dette er oppgitt avstand til nabogrense i situasjonsplanen som låg ved søknaden om oppføring av tilbygg ikkje korrekt. Ny avstand mellom omsøkt tilbygg (multirom) og nabogrense vil vera ca 2,2 meter kortare enn vist på situasjonsplanen som følgde søknaden. Naboerklæring frå eigar av gbnr 195/252 er følgjeleg heller ikkje korrekt.

Situasjonsplanen må rettast før kommunen kan behandla klagen. De må teikna det omsøkte tiltaket inn på vedlagte kart og føra på avstand til grenselinja mot gbnr 195/252 og bustad 1. Ny situasjonsplan må varslast til eigar av gbnr 195/252.

Utgangspunktet ved etablering av nye tiltak er at avstandskrava i plan- og bygningslova § 29-4 skal vera oppfylt. Dersom krava ikkje er oppfylt kan det søkjast om dispensasjon frå lova, eller innhentast erklæring med samtykke frå eigar av gbnr 195/252. Ved bruk av samtykkeerklæring frå nabo må det innhentast ny erklæring i samsvar med oppdatert situasjonsplan.

Vi ber om at etterspurd dokumentasjon vert send inn snarast og seinast innan **01.10.2021**. Dersom vi ikkje har mottatt tilleggsk dokumentasjon innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå den dokumentasjon som ligg i saka.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

195-235-Situasjonsplan

**Kopi til:**

Fløssvika Utvikling AS

Alvervegen 25

5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Hedalm Anebyhus AS

2344

ILSENG